

HÅ SV ROM FOR MANGFALDET - ULIKE MENNESKER, LIKE MULIGHETER

Eit Hå for alle!

SV har siste perioden ikkje vore representert i Hå kommunestyre. Når me nå kjem tilbake ønskjer med å samarbeida med dei som gjev oss best gjennomslag for vår politikk. Hå kommune har bak seg perioder med auka bustadbygging, mange fleire lokale arbeidsplassar og solid opprustning av servicetilbodet. SV ønskjer eit samarbeid som er med på å videreføre dette i kommande periode.

I DET SAMARBEIDET VIL HÅ SV HA SINE PRIORITERINGAR.
HOVEDPRIORITERINGANE KAN UTTRYKKJAST MED FIRE ORD:

Rettferd – Velferd - Utvikling- Omfordeling

Skule-, barnehage- og kulturpolitikk

”Barn og unge først” er eit viktig prinsipp for vår politikk. Ein god oppvekst innebærer god oppfølging frå det offentlege og me må sikre tenester som er for alle.

Me går inn for:

- ✘ Å oppretthalda kringsgrensene
- ✘ Vidare opprusting av skulebygg. På sikt må det byggjast symjehall på Varhaug
- ✘ Elevkantiner og gratis frukt til alle elevane i Hå kommune
- ✘ Auka lærartettleik og eit godt tverrfagleg nivå
- ✘ Offentlige barnehagar i Hå. SV er i mot kommunal kontantstøtte.
- ✘ Styrkja spesialundervisning og PPT. Arbeida mot mobbing på alle samfunnsarenaer.
- ✘ Forsøk med leksefri skule med økt fokus på kultur og idrett
- ✘ Kulturskule for alle.
- ✘ Leggja til rette for ordning med gratis utlån av utstyr til tur og idrett
- ✘ Kamp mot mobbing i skulen
- ✘ Fortsatt satsing på de offentlige biblioteka.
- ✘ Auka støtte til lag og organisasjoner, investeringsstøtta til idrettslaga må aukast.
- ✘ Gode uformelle møteplasser for ungdom. Initiativ frå ungdom må få rask respons i kommunen.

- ☒ Fortsatt utvikling av Hå gamle prestegard

Nærings-, miljø og bustadpolitikk

SV vil leggja forholda til rette for den oppveksande slekt. Alle som ønskjer det, skal kunna få seg bustad i eigen kommune. Flest mogleg må få tilbod om høveleg arbeid i kommunen.

Miljøarbeidet må oppprioriterast

Me går inn for:

- ☒ Byggeklare bustadtomter ved alle tettstadane .Satsing på tomter for einebustader i søre del av kommunen. Fortetting i sentrumsområda.
- ☒ Nok areal til næringsutvikling. Satsing på Kviamarka og søre del av kommunen.
- ☒ Satsing på Jærbanen. Dobbelspor frå Sandnes til Egersund. På kort sikt må det fleire avganger også sør i kommunen.
- ☒ Fortsatt satsing på sykkelvegar og trafikksikring. Styrkja løyvingane til flaumsikring på Vigrestad. Stasjonsområda må framstå som attraktive. Togstopp i Kviamarka og Stokkalandsmarka.
- ☒ Sørge for belysning på uteområder/stier som aktivt brukes.
- ☒ Verna om dyrka mark og kulturlandskapet.
- ☒ Opprusting av sentrumsområda. Støtter sentrumsplanen for Nærbø. Ønskjer her eit sambruk mellom bustad, næring og offentlig verksemd.
- ☒ Fremja bygging av kommunale utleigebustader for ungdom i etableringsfasen
- ☒ Arbeida for at kommunen blir Fair Trade kommune og har fokus på etisk handel

Helse- og sosialpolitikk

Helse – og sosialpolitikken i Hå må utviklast og førast vidare.

Me går inn for:

- ☒ Samarbeid over kommunegrensene om Samhandlingsreforma. Samhandlingsreforma sett store krav til oss. Den einskilde kommune kan ikkje vera ekspert på alt.
- ☒ Bedre tilpassing av helse – og sosialpolitikken til den enkeltes behov med spesiell vekt på psykisk helse og rus. Vidareutvikling av psykiatrisatsinga på Varhaug
- ☒ Nybygget på sjukeheimen på Nærbø må ha full drift.

- ⊠ Å styrkja omsorga som har basis i heimen. Dei som ikkje har behov for sjukeheimplass skal få lagt til rette for dagleg hjelp til omsorg og pleie heime. Gratis tryggleiksalarm til dei med behov.
- ⊠ Lågare eigenbetaling i helse og tannhelse.
- ⊠ Kommunalt initiativ til eit samlande eldresenter på Nærbø
- ⊠ Auka pott til etableringslån
- ⊠ Kamp mot all form for diskriminering og rasisme
- ⊠ Styrka tilgang på skulehelseteneste for alle elever og andre tilbud

Arbeidsgjevarpolitikk

SV ønskjer å gjera Hå kommune til ein attraktiv arbeidsplass der dei tilsette har trygge jobber, får spennande utfordringar og blir tatt med på råd i alt omstillingsarbeid.

Me går inn for:

- ⊠ Effektiv kommunal drift, mot privatisering og konkuransetsetjing av kommunale tjenester
- ⊠ At kommunen fortrinnsvis skal lysa ut heile, faste stillingar
- ⊠ Bemanninga på grunnplanet må aukast
- ⊠ At alle stillingar er så store at ein opparbeider seg pensjons- og trygde rettar
- ⊠ Godt fagligpolitisk samarbeid med fagforeningane
- ⊠ Fleire lærlingeplasser. Tilrettelegging for at ufaglærte kommunale arbeidstakere skal kunna ta fagbrev. Sørga for at veileidar har kompetansen og tida dei treng.
- ⊠ God likestillingspolitikk

For dei mange
- ikkje for dei få

